

Barnetoget

På 17. mai går mange barn i barnetog.

Dei går med flagg og faner, syng og ropar hurra. Korpsa spelar 17. mai-songar.



Det første barnetoget var i Oslo i 1870. Toget vart arrangert av Bjørnstjerne Bjørnson. Han meinte at barna representerer framtid og håp. Difor skulle 17. mai vere barna sin dag.

Etter kvart vart barnetoget vanleg i heile landet.

I Oslo går barnetoget alltid forbi Slottet. Der står kongefamilien og vinkar.



Foto: Ernst Vikne – CC BY-SA 2.0

Spørsmål til teksten:

1. Kva gjer barna i eit barnetog?

2. Kven arrangerte det første barnetoget?

3. Kvifor skulle 17. mai vere barna sin dag?

4. Kva gjer kongefamilien på Slottet når barnetoget kjem forbi?
